

NEI TIL VINDINDUSTRI I KVINNHERAD

Baugstrandafjell i Kvinnherad kommune er planlagt til vindmøllebruk. Dette er eit lite fjell som gir beite til sau og storfe. Her er gamle setrer med sel og elles tufter etter stølsdrift. Hytter er her og. Gode fiskevann. Bær slik som molter, tytebær og blåbær som har vore benytta i alle år. Fjellet er lett tilgjengeleg då gardane ligg 300 til 350.m.o.h. Vidare vert fjellet brukt til fjellturar, fiske og anna friluftsliv. Sjølv har eg brukt fjellet heile livet.

Det er også mange myrer og våtmarksområder i fjellet her, som vil verta uheldig påverka av utbygging. Her er og fuglar som vil bli skadelidande med vindmøller.

Det er også mykje hjort som blir jakta på om hausten. Det er grunneigarar som har jakt som næring, og det kjem jaktinteresserte frå inn og utland. Her er og utleigehytter og det er for det meste tyske turistar som kjem. Desse er interessert i å kunne bruke naturen slik den er. På strekninga frå Åkra til Vik Matre er der 6 kraftstasjonar som produserer kraft til storsamfunnet. Håper me får ha fjellet vårt uberørt.

Agnes Hovland
Matre i Kvinnherad